



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

FYLKESRÅDMANNEN
Næringsavdelingen

Verneområdeforvaltar Alf Odden
Sandsveien 122

4230 SAND

29.10.2018

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Sissel Bakke
Direkte telefon: 51 51 66 23

Saksnr. 17/25589
Løpenr. 78950/18
Dok.nr: 3
Arkivnr. K12

HØYRING AV FORSLAG TIL BESØKSSTRATEGI FOR SETESDAL VESTHEI- RYFYLKEHEIANE (SVR) FAGUTTAL FRÅ ROGALAND FYLKESKOMMUNE

Me viser til høyringsbrev dagsett 18. august 2018

Det er ei samla tverrfagleg og tverrsektoriell gruppe som uttalar seg til besøksstrategien:

Kristian Valen, Nyare kulturminne, Kulturavseksjonen
Jan Geir Auestad, Eldre kulturminne, Kulturavseksjonen
Randi Klæbo, Reiseliv, Næringsavdelinga
Torsten Gøtterup, friluftsliv, Regionalplanavdelinga
Sissel Bakke, landbruk og bygdeutvikling, Næringsavdelinga

Besøksstrategi for verneområda

Det er verneområdestyret for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane som eig besøksstrategien. Miljødirektoratet krev at det vert laga ein heilskapleg besøksstrategi for verneområde for å få støtte til tilretteleggingstiltak. Besøksstrategien skal vera eit konkret og målretta forvaltingsverktøy som skal nyttast i dei årlege prioriteringane av informasjons- og tilretteleggingstiltak.

I besøksstrategien er det lagt særleg vekt på å vidareutvikle dei etablerte innfallsportane til verneområdet med konkrete informasjons- og tilretteleggingstiltak. Verneområda i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, SVR, består av 17 verneområde. Besøksstrategien legg særleg vekt på å ta vare på villreinen, landskapet og botanikken som er felles verneføremål for mange av verneområda.

Innfallsportane i Rogaland

Omgrepet *Innfallsport* blir brukt om stader kor dei besøkjande leitar etter informasjon og/eller sett frå seg bilen før fotturen inn i verneområda. Viktige utvalskriteria er mange besøkjande og auka besøk og tilrettelegging kan skje utan vesentlege negative verknader på verneverdiane.

Besøksstrategien har 13 innfallsportar kor 5 av desse ligg i Rogaland. Det er Nesflaten,

POSTADRESSE
Postboks 130 Sentrum
4001 Stavanger

BESØKSADRESSE
Arkitekt Echoffsgt.1
Stavanger

TELEFON
51 51 66 00

TELEFAKS
51 51 68 90

BANKGIRO: 3201.05.50520

E-POST: firmapost@rogfk.no

INTERNETT:

Kleivaland, Røssdalen, Øydegardsstøl, Kjerag, og Eikeskog, Månafossen.

VURDERINGAR

Rogaland fylkeskommune skal vera ein regional samfunnsutviklar og tilretteleggjar for ei berekraftig verdiskaping og næringsutvikling. Besøksstrategien er tufta på verdiskapings- og berekraftperspektivet med særleg fokus på miljødimensjonen. Rogaland fylkeskommune saknar den økonomiske dimensjonen i berekraft- og verdiskapingsperspektivet.

Eit av hovudføremåla med besøksstrategien er å medverka til lokal verdiskaping. Rogaland fylkeskommune meiner dette er vanskeleg å få til på kort sikt. Det kan skje lokal verdiskaping på lang sikt om verneområdestyret samarbeider med reiselivsdestinasjonane om informasjon- og marknadsføring av moglegheitane for vandreturar i heia. Då kan det koma fleire besøkjande til området som ynskjer naturbaserte og kulturbaserte opplevingar og kombinasjonar av desse. Lokal verdiskaping krev at dei som besøkjer området blir i området ei tid og nyttar ulike tilbod som servering, overnatting og transport i bygda og i regionen. Ein viktig føresetnad for lokal verdiskaping er at me utviklar berekraftige reisemål og har søkelyset på heilskapleg reisemålsutvikling. Dette er det kommunane med fylkeskommunane som gode støttespelarar som har hovudansvaret for.

Rogaland fylkeskommune oppmodar verneområdestyret til å samarbeide med reiselivsdestinasjonane om utforming av informasjonsmateriell på innfallsportane slik at informasjon her og fortel om overnatting, matsservering og natur- og kulturbaserte opplevingar i området. Verneområdestyret blir oppfordra til å vurdere universell utforming av informasjons- og tilretteleggingstiltaka på innfallsportane. Klima er eit overordna samfunnsansvar. Rogaland fylkeskommune støttar Vest Agder fylkeskommune og oppfordrar verneområdestyret til å vurdere ladestasjonar for el- bilar på innfallsportane. Rogaland fylkeskommune oppmodar verneområdestyret til å informera reiselivsdestinasjonane om tiltaka i besøksstrategien slik at desse kan marknadsføre naturbaserte og kulturbaserte opplevingar og vandreruter i deira kanalar. Rogaland fylkeskommune oppmodar verneområdestyret til å samarbeide med Lysefjorden utvikling AS og Stavanger turistforeining om å utvikle innfallsporten til Kjerag.

Kommunale sti- og løypeplanar

Rogaland fylkeskommune oppmodar verneområdestyret til i tillegg til kommunane, å samarbeide med fylkeskommunane og reiselivet når det skal lagast kommunale sti- og løypeplanar. Her bør det og vurderast om fleire kommunar kan samarbeide om ein plan. Rogaland fylkeskommune meiner det ideelle for å få til lokal verdiskaping er at det er bygda og grenda som er hovudinnfallsportane til heia og turløypene. I dei kommunale sti- og løypeplanane må det breie verdiskapingsperspektivet leggjast til grunn. Rogaland fylkeskommune oppmodar verneområdestyret til å bruke natur- og kulturressursane i verneområda til opplevingsøkonomi og kople desse til dei kommunale sti- og løypeplanane.

Tiltaket *Kommunale sti- og løypeplanar* er forankra i den regionale Heiplanen. Desse planane må ikkje berre sjåast på som eit verkemiddel for å kanalisera og styra ferdsel for å unngå at naturverdiane blir forringa. Fylkeskommunen understrekar at auka ferdsel heller ikkje må forringa kulturminneverdiane i heia. Planane må og sjåast på som eit verkemiddel til å utvikla bygdene og grendene ikring heia til attraktive reisemål. Det kan gjerast med å til dømes ha startpunkt for vandreturar i sentrum av bygda/grenda, som på Nesflaten, merke korte rundturar til og frå sentrum og sjå på natur- og kulturressursane som opplevingsnæringar.

Kulturminna i heia

Rogaland fylkeskommune oppmodar kommunane og verneområdestyret til å sjå på kulturminna i heia i eit bruk og vernperspektiv som ressursar for kunnskap, opplevingsturisme og som sårbare verdiar.

Kulturminna i heia er historiske teikn på bruk av naturressursane som næringsgrunnlag. No bør desse sjåast på som eit næringsgrunnlag for bygdene ikring heia til å utvikle natur- og kulturbaserte opplevingar som styrkar attraksjonskrafta til heia som reisemål. Besøksstrategien nemner fleire ulike kulturminne som finst i heia men nemner ikkje kulturminne knytt til vasskraft. Kulturminna knytt til vasskraftutbygginga har eit stort potensiale for reisemålsutvikling. Dette kan knytast opp til Nesflaten som allereie har Energihotellet og ein heilskapleg arkitektur. Eldre vardar knytt til oppmåling og kartlegging bør og nemnast. Vardar er populære kulturminne og dei er gode reisemål.

Kulturminne og innfallsportane

Det kan vera ein ide å tenkja å knyte ulike kulturminne, landskap og naturfenomen med gode historier til dei ulike innfallsportane.

Til dømes:

Nesflaten- vasskraft med Energihotellet

Eikeskog og Månafossen: Historisk jordbrukslandskap

Kjerag: Geologisk landskap – Bolten og Lysefjorden

Røssdalen – Kulturminne mellom anna tufter, hellarar og røysfelt

Kleivaland – Ritlandskrateret.

På sikt ynskjer fylkeskommunen at det blir fleire innfallsportar til heia. Eit godt utgangspunkt for å få til fleire innfallsportar kan vera bygdene og dei gamle ferdselsvegane over heia. Fylkeskommunen er opptatt ei god samordning og samhandling med Heiplanen og at tiltaka i ein framtidig besøksstrategi er godt forankra i handlingsprogrammet til Heiplanen.

Fleire av kulturminna i heia er særleg sårbare som ledegjerder og brudeled. Desse kulturminna blir øydelagd når steinane i brudeleda, likkvilene og ledegjerda vert flytta på. Dei gamle ferdselsvegane er og sårbare slik at ei eventuell tilrettelegging og oppgradering av desse må vera kunnskapsbasert og skje i god dialog med kulturminnestyresmakta. Jakt, støling og anna bruk av heia er viktig kulturarv og kulturhistorie som kan vera med å styrka attraksjonskrafta til heia. Informasjon om kulturminna er viktig, ikkje berre som eit ledd i ein strategi for å legge til rette for auka kulturbaserte opplevingar, men også for å hindre skade på kulturminna i heia. Fylkeskommunen oppmodar verneområdestyret til å få fram i besøksstrategien at kulturminna i heia er sårbare.

Kommentarar til dokumentet

- Figurane 4 og 5 på side 30 og 31 bør gjerast tydlegare og betre samsvar mellom tekst og kart.
- Side 32, punkt 4. Setninga *Nye merka stiar må heller ikkje etablerast på stader der ferdsla vil medføre slitasje og erosjon*, må skrivast om. Alle stiar gir slitasje og slik setninga er utforma kan det verka som om det ikkje skal verta fleire stiar i området.

Med helsing

Elisabeth Faret
næringssjef

Sissel Bakke
spesialrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje signatur.

Kopi
Hjelmeland kommune
Suldal kommune
Forsand kommune
Vest Agder fylkeskommune
Aust Agder fylkeskommune